

Kommunalt ansvar ved brøyteskade

I formannskapet torsdag orienterte verksemdsleiar Magne Øyre om brøytekontraktane i Kvinnherad. Tidlegare var det 18 ulike kontraktar eller roder, men dette vart redusert til 10 no i haust. Kontraktane er på fire år. Han vedgjekk at det i fjor

oppstod mange skader på privat eigedom i samband med brøytinga.

– Kommunen står ansvarleg ovanfor eigarane, men vi kan søkja regress hjå kontraktørane, opplyste Øyre.



Den blå firkanten syner kor førekomsten er lokalisert. (Skjermdump frå <http://www.ngu.no>.)

Undersøker høgrein kvarts

Nordic Mining i Oslo har sikra seg rettene til å sjå nærare på førekomsten av 2,7 millionar tonn høgrein kvarts på Lyngstranda.

– Kvartsen har vore kjent sidan 60-talet, men vart då vurdert for eit anna føremål. Den vert no undersøkt på nytt for å sjå om kvaliteten og storleiken er av ein slik art at ein kan utvinna den, seier Mona Schanche ved Nordic Mining.

Oslo-firmaet har inngått ein avtale med private grunneigarar i området.

– Vi har fått retten til å undersøka førekomsten nærare,

og har fyrsterett til å utvinna den om det kjem til det stegget. Kvartsførekomsten i dette området er veldig interessant av den grunn at den er såkalla høgrein. Kvarts av høgrein type er sjeldan, og vert nytta i elektronikk og i solcelleteknologi, forklarar Schanche.

Boringar

Proessen før det vert ei eventuell gruvedrift på området, er imidlertid omfattande.

– Vi må fyrst kartleggja funnet detaljert, før det skal gjerast ein del undersøkingar på staden. Her har vi knytt til oss NTNU i Trondheim for eit samarbeid. Geofysiske må-

lingar kan òg vera ein del av prosessen, og det må gjerast boringar, seier Schanche.

Til slutt trengs òg driftsløyve før ein kan utvinna. Minerallova seier at grunneigarar eig kvartsen. Blir det gruvedrift, kan dette bety arbeidsplassar for kommunen.

– Vi byrjar arbeidet med å undersøka no i 2011, så får vi sjå kva som kjem ut av det. Det ser i alle fall veldig interessant ut. 2,7 millionar tonn er ein bra størrelse i kvartssamheng, seier Schanche.

Elisabeth Berg Hass
elisabeth@grenda.no

**Nytt år:
– fortsatt lave priser**



Kampanjevare!



Pizza

Grandiosa

Stabburet, pepperoni/
kjøttdeig & løk,
531 g, 46,87/kg

24,90

Kampanjevare!



Kyllingfilet

Den Stolte Hane,
650 g, 92,15/kg

59,90

Kampanjevare!



Appelsiner

Pr. kg

10,00

Kampanjevare!



Shiny vaskepulver 1,1 kg

Color/hvit, 0,69/vask

17,90



Vi tar forbehold om eventuelle trykkfeil og at noen varer kan være utsolgt. Kun for private husholdninger. Prisene gjelder til 23.01. 2011